

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Anne Kristin Rafoss  | FE - 033     | 16/168            |

|              |               |             |             |
|--------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saknr</b> | <b>Utval</b>  | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 007/2016     | Teknisk utval | PS          | 15.03.2016  |

## Referatsak

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

## Saksopplysningar:

### Teknisk utval - 007/2016

#### TU - behandling:

##### Orientering:

##### Planstrategi 2016-2020

Assisterande rådmann Sveinung Toft orienterte om planstrategien for perioden 2016-2020. Planstrategien vert lagt ut på høyring før påske, Teknisk utval skal innen 10 mai koma med eventuelle merknader til planen. Planen skal vetakast i kommunestyre i juni.

##### Miljøplan, beredskapsplanar i høve miljøraker.

Gjeldande Klima og energiplanen gjekk ut i 2015, denne ligg inne i planstrategien for opp start våren 2017. Om det er moglegheit å få inn meir på dette som går på miljøraker og forureining.

Beredskapsplan her er det vedtatt *Overordna ROS-analyse for Masfjorden kommune* Godkjent 2015.

##### Søknad om løyve til oppdrett av laks og aure, Ådnekvam, ligg på heimesida.

Lokalitet 30196 Ådnekvamme er mellombels klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 780 tonn fram til 31.12.2016. Løyve vart gjeve mellombels fordi det var knytt usikkerheit til kor stor produksjon som vil vere på dei 5 lokalitetane, som ligg inne i Masfjorden, i framtida. Søknaden som også er lagt ut til gjennomsyn på kommunehuset, Masfjordnes, i tida 15.03 – 12.04.2016, Uttalefristen er 14.04.2016

- **Frådeling Andvik, nei frå settefylkesmannen i Sogn og Fjordane.**

##### Vedtak i klagesak som gjelder fradeling av parsell til boligformål på gbnr. 27/4, Masfjorden kommune

Fylkesmannen er i brev av 02.02.2016 fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppnevnt som settefylkesmann for å avgjøre klagesaken. Det er klaget innenfor fristen, og vilkårene for å

behandle saker er oppfylt.

### **Vedtak**

**Fylkesmannen tar klagen fra Fylkesmannen i Hordaland til følge, og vi opphever Masfjorden kommune sitt vedtak 115/2015 den 23.10.2015. Det gis ikke dispensasjon til fradeling av parsell til boligformål på gbnr. 27/4.**

Vedatket er endelig og kan ikke påklages, fj. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

I Planstrategien for perioden 2016 -2020, ligg Kommuneplanen sin arealdel, med fokus på prioriterte utfordring:

TUML ynskjer at føresegnene vert revidert og tydelegare på kva tiltak ein tek høgde for som t.d.:

- Definerte areal i LNF der avgrensa husbygging og frådeling kan gjevast løyve til (LNF kan). Fortrinnsvis der ein kan unngå rekkefylgjekrav.
- Reguleringsplanar for sentrumsområder, dvs. gangavstand til skule og barnehage.
- Reguleringsplanar i høve trafikksikringsplanen.
- Landbruksareal, tydelegare skiljelinjer mellom viktige og mindre viktige areal.
- Klare føresegner for kva som kan gjerast i høve eksisterande bygningsmasse.
- Klare føresegner for nye utsleppsløyver.
- Gjennomgang av havbruksareal i høve nye behov og krav.

### **Braplan**

Eit digital planregister for alle arealplanar for Masfjorden kommune.

<http://braplan.geoweb.no/braplan/>, Roald Kvinedal hadde ei gjennomgang av planregistert, kor ein kan finna gokjente arealplanar.

TUML ynskjer å vere aktive i høve tilrettelegging og oppstart av bustader. I den samanheng vil ein be rådmannen fremje ei sak til kommunestyret snarast på oppstart av husvære på Duesundøy.

### **TU - vedtak:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**